

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅSDIREKTIV 96/85/EF**2002/EØS/23/10****av 19. desember 1996****om endring av direktiv 95/2/EF om andre tilsetningsstoffer i næringsmidler enn fargestoffer og søtstoffer(*)**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 100 A,

med tilvising til rådsdirektiv 89/107/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om tilsetningsstoffer som kan anvendes i næringsmidler beregnet på konsum⁽¹⁾, særleg artikkel 3 nr. 2,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽²⁾,

med tilvising til fråseguna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽³⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 B i traktaten⁽⁴⁾, og

ut frå desse synsmåtane:

Foredla Eucheuma-tang er eit nytt tilsetningsstoff i næringsmiddel som det finst teknologiske grunnar til å nytte.

For å tillate bruken av dette tilsetningsstoffet er det naudsynt å tilpasse lista over tillatne tilsetningsstoff i europaparlaments- og råsdirektiv 95/2/EF av 20. februar 1995 om andre tilsetningsstoffer i næringsmidler enn fargestoffer og søtstoffer⁽⁵⁾.

Vitskapsutvalet for næringsmiddel er vorte rådspurt.

Reinleikskriterium vil verte vedtekne i samsvar med framgangsmåten i artikkel 11 i direktiv 89/107/EØF –

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:*Artikkel 1*

I tabellen i vedlegg I til direktiv 95/2/EF vert nytt tilsetningsstoff E 407a sett inn etter E-nr. 407:

«E-nr.	Navn
E 407a	Bearbeidet Eucheuma-tang»

Artikkel 2

Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovane og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, seinast tre månader etter at det er kunngjort, slik at det vert tillate å drive handel med og nytte produkt som er i samsvar med dette direktivet.

Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegogene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde sjuande dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Artikkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 19. desember 1996.

For Europaparlamentet

For Rådet

K. HÄNSCH

S. BARRETT

President

Formann

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 86 av 28.3.1997, s. 4, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 106/2001 av 28. september 2001 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende nr. 60 av 6.12.2001, s. 11.

(1) TEF nr. L 40 av 11.2.1989, s. 27. Direktivet sist endra ved direktiv 94/34/EF (TEF nr. L 237 av 10.9.1994, s. 1).

(2) TEF nr. C 163 av 29.6.1995, s. 12, og TEF nr. C 208 av 19.7.1996, s. 15.

(3) TEF nr. C 18 av 22.1.1996, s. 20.

(4) Europaparlametsfråsegn av 28. mars 1996 (TEF nr. C 117 av 22.4.1996, s. 36), felles haldning frå Rådet av 25. juni 1996 (TEF nr. C 315 av 24.10.1996, s. 9) og europaparlametsavgjerd av 23. oktober 1996 (TEF nr. C 347 av 18.11.1996). Rådsavgjerd av 9. desember 1996.

(5) TEF nr. L 61 av 18.3.1995, s. 1.